

# SIM nytt

1/2024

MARS • ÅRGANG 31



## Mitt SIM

Les meir på side 5

## Vår-rydding

Les meir på side 8

## Gratis bioposar

For å vera sikre på at alle våre kundar nyttar rett pose til bioavfallet har SIM innført gratis utdeling av små bioposar til eige forbruk.

Les meir på side 3



# Gratis levering av hageavfall

SIM treng reint treverk og hageavfall til kompostanlegget, slik at me får laga fin og næringsrik jord til sal for våre kundar.

Dei siste åra har me merka ein nedgang i levering av dette, og me har difor innført gratis levering av hageavfall på våre miljøsentralar. Bra for deg, bra for miljøet!

## Kompostjord og plenblanding til hagen

Kompostjord og plenblanding kan heile året kjøpast på SIM sine miljøsentralar, med etterhald om at me kan gå tom i periodar.

Kompostjorda kan nyttast på jordbruksareal, i parkar og private hagar, men bør blandast med anna mold før planting. Plenblandinga, derimot, kan du så direkte i utan å blanda inn anna jord. Den består

av halvt om halvt med kompostjord og sand.

Prisen er kr. 450 for ein liten tilhengjar. Kunden må sjølv ha med tilhengjar.

Næringsverksemder som ynskjer å kjøpe kompostjord eller plenblanding lyt gjera dette i Svartasmøget, Fitjar.



*SIM har for sal framifrå kompostjord og plenblanding på alle sine miljøsentralar.*

# Gratis utdeling av bioposar

For å vera sikre på at alle våre kundar nyttar rett pose til bioavfallet har SIM innført gratis utdeling av bioposar til eige forbruk. Ordninga gjeld berre for våre abonnementar som har biodunk.



## Ordninga vert slik :

- Alle får utdelt maisposar på rullar ved alle SIM sine miljøsentralar. Du må oppgje adressa abonnementet er registrert på før du får rullen.
- Frå 2. April 2024 kan alle våre abonnementar som har biodunk knyta ein tom maispose på **papirdunken** og få utdelt ein rull med maisposar.
- Det er berre på **papirdunken** ein får utdelt posar frå SIM, anten det er sekker til plastemballasje eller bioposar.

Det er dermed berre bilen som tømer papirdunken på hentedag for papir, som delar ut posar /sekk i ditt område.

Me gjer merksam på at bilane kan gå tom for posar dei fyrtene vekene dersom «trøkket» vert for stort. Dersom ein har høve kan det vera lurt å ta turen innom ein miljøcentral og få utdelt ein rull der no i starten.

Sjekk gjerne vårt tilbod «Godt brukande» med det same du er innom!



## Obs!

Dette gjeld berre dei små bioposane, dei som skal vera i kjøkenspannet,

# Godt i gong med «Godt brukande»

«Godt brukande» har vore eit tilbod i SIM i mange år. I 2023 utvida me konseptet slik at alle miljøsentralane fekk ein slike «butikk». I tillegg starta me å ta betalt for varene, for å synleggjera at alt har ein verdi.

Ombruk er ei viktig brikke for å nå gjenvinningsmål som EU har vedteke, og som Noreg og SIM må oppfylle

## Ikkje konkurrentar

SIM ser ikkje seg sjølv som ein konkurrent til allereie etablerte ombrukskonsept.

Årsaka er at me trur at dei som kjem til oss i utgangspunktet har bestemt seg for å levere det til SIM. Anten til «Godt brukande» eller at dei har tenkt å kaste det. Dermed vert SIM «avfallsreddarar». Kundehandsamarane opplever ofte at gjenstandar som ein kunde kjem og vil kaste heller vert sett inn på «Godt brukande» etter ein prat med dei.

## Materiale og maling

I tillegg til dei vanlege gjenbruksartiklar som nips, bøker og møblar opnar SIM



no opp for å ta i mot maling, oljer, vaskemidlar, material o.l. i mindre mengder. Eit viktig moment er at alt som vert kjøpt på «Godt brukande» vert kjøpt på eigen risiko og utan nokon form for garantiar.

## Tillit og ansvar

SIM legg opp til at kundane i stor grad sjølv må ta ansvar for betaling av varer som vert kjøpt på «Godt brukande».

Ein kan betale med Vipps, og i travle periodar vil det ikkje vera mogeleg å kontrollere om folk har betalt. Dette vil vera basert på tillit og ansvar, men me stolar på at folk er ærlege og betalar for det dei kjøper.

Dersom ein kunde ikkje har Vipps vil det vera mogeleg å betale hjå ein kundehandsamar.



# Hugs å sikra dunken!

På dagar då vinden tek tak her vest er det mange som opplever at dunken veltar. Det finnes i dag ulike produkt for vindsikring som er tilpassa dunkane, men ikkje alle er eigna for våre dunkar.

SIM har for sal ei enkel gummihempe/vindsikring av beholderlok som

kan nyttast på alle våre dunkar. Gummihempa hindrar loket i å opna seg om dunken veltar, men opnar seg likevel når dunken heng opp ned under tømming.

Hempa kostar 50.- kroner og er for sal på alle våre miljøsentralar.

# Har du prøvd «Mitt SIM»?

I SIM jobbar me kontinuerleg med å utvikle og forbetre tenestene våre. Dette gjeld til dømes tilbod om nye henteordningar, digitale tenester eller tenester knytt til våre miljøsentralar.

Tenesta «Mitt SIM» har vore i drift sidan sommaren 2023. Stadig fleire tek tenesta i bruk og innlogging finn du i toppen på vår nettside, **sim.as**.

## Full oversikt over din renovasjon

I «Mitt SIM» kan du mellom anna få full oversikt over ditt/dine abonnement hjå oss, du kan endre abonnement, bestille nye dunkar eller melde frå om flytting.

## Kvifor satsar me på ei slik side?

Fleire og fleire nyttar mobil, brett eller datamaskin for å finne informasjon, og for å utføre tenester, både frå det offentlege og det private. På «Mitt SIM» får du all informasjon om dine

renovasjonstenester samla på ein stad, og du kan lett endre eller bestille tenester sjølv.

## Korleis får eg tilgang?

Gå til **sim.as**, og du vil finna innlogging i menyen øverst til høgre (sjå illustrasjon øverst). Me gjer merksam på at det er den som står som «eigar» av abonnementet hjå SIM, som har tilgang til sida. Du loggar enkelt og greitt inn via ID-porten med din føretrekte innloggingsmetode.


## Framleis tilgjengeleg

Sjølv om me no har lansert «Mitt SIM» ynskjer me å presisere at det framleis

Frå juni 2023 har du kunne funne innlogging til «Mitt SIM» som eige ikon i toppen av nettstaden vår **sim.as**. I tillegg finn du den under menyen øverst til høgre.

er mogeleg å kontakte oss både via epost, Facebook, telefon eller fysisk oppmøte som før. Er du ein av dei som helst ynskjer å snakke med oss direkte er du sjølvsagt velkommen til det.

Kundemottaket er ope mellom 09.00 og 15.00 kvardagar, og me vil hjelpe deg på same måte som før om du ringer oss på 53 45 78 50.



# Ryddeaksjonar i SIM

Alle som vil rydda herrelaust avfall i SIM sitt område får utdelt sekker som dei etter rydding får levera kostnadsfritt på ein av våre miljøsentralar. Kravet er at ein må melde seg på via vår nettside. Etter påmelding får du tilbakemelding om aksjonen er godkjent og du kan hente og levere sekker på ein av våre miljøsentralar.

Gå til [sim.as](#) og du finn påmeldingsskjema under *Meny > Ryddeaksjonar*.

## Kven kan vera med?

Alle som ynskjer å rydda område andre ikkje har plikt til å rydda etter forureiningslova. SIM set som krav at det vert oppført ein vaksen kontaktperson som står ansvarleg for ryddinga.

## Kven kan IKKJE vera med?

- Offentlege etatar, medrekna alle kommunale einingar
- Næringsverksemder
- Arrangør av tilstelling

## Døme på område som kan ryddast

- Strender som kommunen/ friluftsråd ikkje har ryddeavtale for
- Buområde
- Nærområde
- Turstigar
- Skogsteigar

## Kva kan kastast i sekkene?

Vanleg hushaldsavfall.

## Kva skal ikkje i sekkene?

Grovavfall, farleg avfall og elektrisk- og elektronisk avfall (EE) skal IKKJE i sekkene, men leverast til miljøsentralen på vanlege vilkår. Sjå [www.sim.as](#) for informasjon om farleg avfall og EE-avfall.

## Kva seier forureiningslova om ryddeansvar?

Eit av hovudprinsippa i forureiningslova er at det er den som produserer avfallet

som skal betala for avfallsbehandlinga. Lova slår vidare fast at det er vegeigar som har ansvar for rydding langs veg. Den som driv daglegvarehandel, kiosk, bensinstasjon eller liknande skal setja opp boskorger på sitt område, sørja for at dei vert tømde og elles halda området ryddig. Arrangør av tilstelling eller stemne skal sørja for opprydding etter arrangementet.

Dersom ikkje andre eigara/etatar har ansvar for det, skal kommunen setja opp boskorger på utfartsstader og andre sterkt besøkte offentlege stader. Den som har ansvar for å setja opp boskorgene, skal også tømma dei og sørja for at området er ryddig.

## Usikker?

Dersom du er usikker på om ditt tiltak kjem inn under retningslinene for ryddeaksjonen, ta kontakt med SIM.

# Refusjon for næringslivet

Frå 1.1.2023 starta SIM ei 2-årig prøveordning for næringslivet i Sunnhordland. Ordninga går ut på at ein kan søkje støtte til levering av marint avfall.

## Vilkår for å søkje refusjon:

1. Den totale potten for støtte som ein kan søkje av er avgrensa til 100 000,- pr. år, fordelt på søkerane, dersom det er fleire.
2. Det er berre verksemder som har hovudsete i Sunnhordland som kan søkje.
3. Det er berre verksemder som har rydding av marint avfall som hovudaktivitet, som kan søkje.
4. Ordninga er avgrensa til avfall som er rydda i eigarkommunane til SIM. Avfallet skal sorterast ved levering.
5. Ordninga gjeld alle typar av eigarlaust marint avfall, som ein har ordning for å kunne ta i mot på miljøsentralane.
6. Det skal søkjast om refusjon på etterskot, mot kvittering på betaling for innlevert avfall.
7. Det må leggjast ved ein omtale av kva område som er rydda, samt bilet dokumentasjon av ryddinga

Årleg søknadsfrist er 1. november.

# Strandryddestøtte

Det er også mulig å søkje om støtte til strandrydding. SIM har 300 000 kroner til utdeling kvart år. Desse er øyremerka lag og organisasjonar som rydde strender i ein av SIM sin eigarkommunar.

## Krav til den som søker strandryddestøtte:

- Støtta vert gitt til foreningar og lag som ryddar strandsona i ein av SIM-kommunane.
- Midlane vert delt ut fortløpande og varer til «potten» er tom.

- Det er satt av 300 000 kr til formålet og støtta er 100 kr pr. full sekke med strandryddeavfall levert ein av våre miljøsentralar.
- Påmeldte foreningar/lag har 3 månader frå godkjent ryddedag til ferdig rydding og innsendt dokumentasjon for og få utbetaling.
- SIM har satt ei maksgrønse på 15 000 kr pr. lag. Forsinka eller manglende dokumentasjon gjev ingen støtte.
- Laget/foreininga må ta biletar av området før rydding og etter rydding.
- Laget/foreininga lyt sjølv forsikre seg om at antal sekker/kg innlevert vert registrert og godkjent ved levering på miljøsentralen.
- Det er laget/foreininga sitt ansvar å sende inn rett dokumentasjon innan fristen. SIM har ikkje kapasitet til å etterlyse manglende dokumentasjon.
- Dersom du søker støtte må du oppgje organisasjonsnummer

## Søk midlar frå SIM sitt miljøfond!

SIM sitt miljøfond skal gå til tiltak som på ulikt vis gjev betre miljø for innbyggjarane i eigarkommunane til selskapet. Miljø er summen av alle faktorar som menneska er omgjevne og påverka av. Alle kan søkja midlar frå fondet.

Årleg søknadsfrist: 30. november.

### Tildelinger

Sjå kven som  
har fått midlar  
tidlegare år på  
[sim.as/tildelinger](http://sim.as/tildelinger)

Les meir og søk på  
[sim.as/miljofond](http://sim.as/miljofond)

**SENDAR:**  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Meatjønnsvegen 43  
N-5412 Stord

## OFFENTLEG INFORMASJON

### RETURKARTONGLOTTERIET

# Vann 10 000,-



– Det hadde eg aldri trudd. Eg har levert inn slike kartongar i mange år, men har eigenteg aldri trudd eg kom til å vinna. Så dette var ei kjekk overrasking, seier Terje Nesse frå Bømlo. Han vart trekt ut som vinnar av 10 000 kroner i Returkartonglotteriet.

Vinnaren fortel at han ikkje veit kva pengane skal brukast på.

– Det bestemmer eg når dei er på konto, smiler han.

#### Vil du delta i Returkartonglotteriet?

*Slik gjer du:*

Skriv namn og telefonnummer på ein enkeltkartong, eller ein kubbe, og du er med i trekkinga av 10 000

kroner eller 100 000 kroner i returkartonglotteriet. Kartongen kan du leggje i papirdunken saman med anna papp og papir.



## Representantskapsmøte

Representantskapet er øvste organ i SIM, og det er sett saman av 24 medlemer, delt på dei sju eigarkommunane etter folketal. Medlemene kjem saman ein gong kvart år, og i 2024 skal dei møtast fredag 26. april. Saker som skal opp på møtet kan ein få ved å ta kontakt med SIM.



**Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS**

**SIM**

Meatjønnsvegen 43  
N-5412 Stord  
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as  
Nettstad: www.sim.as

## L OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE\*

\*Påskeftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

#### AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00–18.00

Perioden 1. april–30. sept.:  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars.:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

#### BØMLO, HOLLUNDSDALEN

Måndag og onsdag kl. 11.00–18.00  
Tysdag og torsdag kl. 09.00–16.00

Perioden 1. april–30. sept.:  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
kl. 09.00–14.00

Perioden 1. okt.–31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

#### FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00–18.00

#### KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og onsdag kl. 11.00–18.00.  
Tysdag og torsdag kl. 09.00–16.00

Perioden 1. april–30. sept.:  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
kl. 09.00–14.00

Perioden 1. okt.–31. mars:  
Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

#### STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag–torsdag kl. 09.00–18.00  
Fredag kl. 09.00–15.00  
Laurdag kl. 09.00–14.00

#### SVEIO, SVEIÅSEN

Tysdag og torsdag kl. 10.00–18.00.

**TYSNES, EREDALEN**

Måndag og torsdag kl. 10.00–18.00  
Perioden 1. april–30. sept.:  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:  
Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00